Telemark
FYLKESKOMMUNE

Arkivsak
26/19523-1
Sakshandsamar
Jeanne M. Finsrud

Saksgang	**Møtedato**
Yrkesopplæringsnemnda	04.11.2026
Hovedutvalg for utdanning, folkehelse og tannhelse	11.11.2026

Oppnemning av prøvenemnder for perioden 2028-2031 Telemark fylkeskommune

Innstilling frå fylkesdirektøren
Prosess for oppnemning og administrasjon av prøvenemnder i Telemark Fylkeskommune blir støtta som beskrive i saka.

Bakgrunn og saksgang
Kvart fjerde år blir det utnemnt nye prøvenemnder, oppnemninga følgjer fylkestingsperioden. Det er fylkeskommunen som nemner opp prøvenemnder som beskrive i Opplæringsforskrifta § 9-59,1. ledd:
«Fylkeskommunen skal nemne opp éi eller fleire prøvenemnder for fag- og sveineprøva, etter framlegg frå yrkesopplæringsnemnda.»

I saka beskrives prosessen og det blir presentert forslag til oppnemning og fordeling/samarbeid om nemnder, økonomi og opplæring. Yrkesopplæringsnemnda gir uttale i saka, Hovudutval for utdanning, folkehelse og tannhelse gjer vedtak i saka.

Saksopplysningar
Fylkeskommunen utnemner prøvenemnder etter opplæringslova § 9-59, 1. ledd.

Fylkeskommunen har også ansvaret for at prøvenemndene har tilfredsstillande kompetanse til å vurdere prøva, jfr. forskrift til opplæringslova § 9-59-, 2. ledd:
«Fylkeskommunen skal sjå til at prøvenemnda har den kompetansen som trengst. Prøvenemnda skal ha minst to medlemmer med formell fagleg kompetanse innanfor fagområdet. Så langt det er mogleg, skal dei også ha oppdatert arbeidslivserfaring i faget.»

Telemark skal nemne opp omkring 360 medlemmer i 58 ulike fag.

I 2021 vart det starta eit landsdekkjande samarbeid om prøvenemnder. Mange lærefag er små, og fylka opprettar nemnder i fellesskap der det er nødvendig, for å sikre at vi får habile nemnder i alle lærefag, jfr § 9-59, 4. ledd

«Medlemmene skal som hovudregel ikkje vere knytte til lærebedrifta eller skolen der kandidatane har fått opplæring.»

I 2023 utnemnde Telemark fylkeskommune prøvenemnder for inneverande periode 2024-2027. Ved denne oppnemninga inngjekk Vestfold fylkeskommune og Telemark fylkeskommune eitt samarbeid om fleire nemnder, i fag som har få prøvekandidatar.
Det vart gjort ei fordeling av kva fylke som skulle administrere dei samarbeidande nemndene. Samarbeidsnemndene er administrerte av eitt av fylka, men er sette saman av sensorar frå begge fylke. Dette er ei ordning som pr i dag fungerer godt for begge fylke, og som er ønskjeleg å føre vidare.

Forslag til fordeling av dei ulike nemndene fordelt på fag ligg vedlagt.

Fylkeskommunen går gjennom reglementet for prøvenemndene og legg dette fram i samband med saka om sjølve oppnemninga hausten 2027.

Oppnemning for kommande periode skal vere gyldig frå 01.01.2028.

Det vil i januar/februar 2027 gå ut brev til partane i arbeidslivet med kopi til arbeidsutvalet i yrkesopplæringsnemnda, med førespurnad om innspel til medlemmer i prøvenemnder i dei ulike faga, jfr. § 9-59, 3. ledd.
«Fylkeskommunen skal hente inn forslag til medlemmer i prøvenemnda frå partane i arbeidslivet.»

I tillegg til innspel frå yrkesopplæringsnemnda kan det innhentast forslag frå andre.
Det vil vere naturleg å innhente forslag også frå godkjende samarbeidsorgan i Telemark, då desse representerer ein stor del av godkjende lærebedrifter i Telemark.

Kandidatar som blir spelte inn, blir fortløpande kontakta. Forslag til medlemmer blir presentert for yrkesopplæringsnemnda og hovudutvalet seinast hausten 2027, men vidare behandling i Fylkestinget.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Gjennomføring av fagprøver er lovpålagt og er ansvaret frå fylkeskommunen, jfr. Forskrift til opplæringslova § 9-55, første ledd.
«Fylkeskommunen har ansvaret for gjennomføringa av fag- og sveineprøva, praksisbrevprøva og kompetanseprøva og for å gjere kandidatane kjende med reglane for prøva.»

Telemark fylkeskommune bruker i underkant av 20 millionar kroner på gjennomføring av fagprøver kvart år. I tillegg til sjølve prøvegjennomføringa, kjem kostnader til opplæring og oppfølging av prøvenemnder. Godtgjering blir fremja som sak i 2027. Utgiftene til gjennomføring av fagprøvene ligg i budsjettramma til Kompetanse og integrering. Det er venta ein mindre nedgang i ungdomskulla i perioden. Samtidig har andelen som vel yrkesfag auka, og

fleire vaksne gjennomfører fag- og sveineprøver. Dette kan påverke omfanget av prøvegjennomføringa og ressursbehovet i perioden.

Fylkesdirektøren går gjennom reglementet for prøvenemndene og legg dette fram i samband med saka om sjølve oppnemninga hausten 2027. Nytt reglement for godtgjering av fagprøver har som mål å sikre størst mogleg likskap for Vestfold og Telemark, for å vareta samarbeidsnemndene. Honorarsatsen for fagprøver følgjer i dag satsane foreslått av KS, dette blir foreslått vidareført.

Det er ansvaret til fylkeskommunen at prøvenemndene er i stand til å vurdere prøver i faga (forskrift til opplæringslova § 9-49, 2.ledd). Telemark vil ha omkring 360 prøvenemndmedlemmer fordelt på rundt 58 fag. Desse må lærast opp og samkøyrast.

Dersom opplæring ikkje er tilstrekkeleg og nemndene ikkje blir følgd opp, kan det gi juridiske konsekvensar i form av ein auke i talet på klager. Det er derfor viktig at det blir sett av tid og ressursar til god opplæring.

Det er nødvendig ved hovudoppnemning at nemndene møtest fysisk for å gå gjennom det som gjeld faget og bli kjent, nemnda skal også konstituere seg. Fylkeskommunen kan også fastsetje kven som skal vere koordinator for perioden. Møta er planlagde haldne på Telemarkshuset, og blir gjennomførte av ansvarleg for prøvenemndene og fagrådgivar i gjeldande utdanningsprogram. I snitt vil ein slik dag koste ca. 4200,- pr person, rundt 1,5 millionar totalt for alle medlemmer. Kostnadene til opplæring og kompetanseutvikling kan søkjast dekt av midlar frå ordninga “Kollektiv Kompetanseutvikling for vidaregåande opplæring”, der prøvenemndmedlemmer inngår i målgruppa. Dersom søknad om tilskot ikkje blir innvilga, vil kostnadene inngå i den samla budsjettramma for fagopplæringsområdet.

Kompetansepakken for prøvenemnder vil også for den kommande perioden danne basis for opplæring av prøvenemndene. Det er allereie eit omfattande samarbeid om nemnder og fylka låner nemnder av kvarandre i små fag. Det at mange fylke vel å bruke Utdanningsdirektoratets kompetansepakke i grunnopplæringa av nye prøvenemnder, vil gi ei felles plattform for å forstå lovverk og omgrep. Modular frå Kompetansepakken vil bli brukte i møte med nemndene.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

All opplæring og utdanning i dag har sterkt fokus på klima og berekraft.
Gjennomføring av prøver der tverrfaglege tema i læreplanane blir tekne på alvor, og er med på å forme nye fagarbeidarar og styrkje klimamålet og berekrafta i fylket generelt.

Mange av FNs berekraftsmål kan på ein eller annan måte relaterast til arbeidet med prøvenemnder. Dei viktigaste er desse:
Mål 3: God helse og livskvalitet
Mål 4: God utdanning
Mål 8: Anstendig arbeid og økonomisk vekst

God utdanning og det å ha eit anstendig arbeid og ein trygg økonomisk situasjon gir helse og livskvalitet. I tillegg vil utdanning i fag der det trengst arbeidskraft gi mindre fattigdom (mål 1) og mindre ulikskap (mål 11). Det blir i tillegg jobba medvite med å få inn begge kjønn i flest mogleg prøvenemnder for å spore ungdommen til å velje utradisjonelt, noko som vil fremje likestilling (mål 5).

Fokuset på berekraft i læreplanane bevisstgjer både lærlingar, bedrifter og nøkkelpersonar i forhold til klima og klimaendringar (mål 13) når dei arbeider med læreplanane. Berekraft kan lett bli berre eit omgrep; nemndene er derfor opptekne av å tolke og konkretisere berekraft i forhold til eige fag og bransje, for å synleggjere kor viktig det er for eksistensen av faget.

Fylkesdirektørens vurdering

Oppnemning av prøvenemnder og samarbeidet med partane i arbeidslivet er svært viktig for fagopplæring. Partane i arbeidslivet representerer bedriftene og er viktige i ein oppnemningsprosess. Det blir også innhenta forslag frå samarbeidsorgan i Telemark, då desse representerer ein stor del av dei godkjende lærebedriftene med mange faglærde.

I nokre fag er det vanskeleg å finne medlemmer til prøvenemnd pga. ein travel jobbsituasjon og manglande kunnskap om fagopplæring. Når partane er involverte, sikrar det ofte støtte frå bedriftsleiinga slik at prøvenemndmedlemmer blir gitt tid til å utføre vervet sitt.

For å sikre god kvalitet på prøvenemnder og fagprøver er det ønskjeleg å halde fram samarbeidet med Vestfold Fylkeskommune om fellesnemnder. Det er for neste prøvenemndperiode gjort ei vurdering av kvar det er behov for eigne nemnder i kvart fylke og i kva fag ein bør halde fram med felles nemnd. Ønsket om å ha felles nemnder, er i ein del fag basert på at det er få prøver og små fagmiljø. Det er i tillegg teke omsyn til nemnda og bransjen sine eigne vurderingar. I nokre fag er samarbeid heilt nødvendig for å finne tilstrekkeleg tal på personar som kan sitje i prøvenemnd, og samtidig vareta habilitet.

Jamleg deltaking ved fagprøver er også viktig for å vere oppdatert.

Fylka vil fordele administrasjonsansvaret for felles nemnder mellom seg. Fordelinga følgjer i stor grad fagmiljø og historikk.

I januar/februar 2027 vil medlemmer som fyller kriteria for å sitje i prøvenemnd bli spurt om dei er villige til å stille seg til disposisjon for ein ny periode. I nokre fag er det også nødvendig å sjå på om samansetning av nemnda er best mogleg i forhold til arbeidsstad, kjønn, fordeling av arbeidsgivar/arbeidstakar og fagleg fordjuping. Ei nemnd må ha nødvendig kompetanse og bør best mogleg spegle faget sitt og fremje likestilling.

Når partane har komme med forslag til medlemmer i nemndene, vil disse bli kontakta.
Dei som er aktuelle blir registrerte. Dersom nokon er overtalige, blir desse kontakta og spurde om dei vil stå som tilgjengelege, dersom det blir behov for dei. Nye nemnder med medlemmer vil bli registrerte og gjorde klare fortløpande og seinast i oktober 2027. Oppnemning og oversikt

blir presentert for yrkesopplæringsnemnda og hovudutvalet seinast hausten 2027 for endeleg behandling i Fylkestinget.

Fylkesdirektøren ønskjer at prøvenemnder for perioden 1.1.2028 – 31.12.2031 i samsvar med vedlagd behovsoversikt blir godkjende no.
Det gjer det mogleg å planleggje for rett talet på medlemmer. Det er viktig at det er tilstrekkeleg tal på prøvenemnder til å gjennomføre prøver, men også at det er eit samarbeid som varetek økonomi og ressursbruk. Eit nært samarbeid ved oppnemning vil sikre at både Vestfold og Telemark fylkeskommunar er godt rusta til å gjennomføre fagprøver i perioden 2028-2031.

Fylkesdirektøren tilrår å leggje den beskrivne organiseringa og oppnemningsprosessen til grunn for perioden 2028–2031.

Vedlegg:
Nemnder til oppnevning 2028 -2031 TFK